



ULSTEIN KOMMUNE



Prosjektmandat
Organisering
av
oppvekst- og kulturetaten

13.01.2025

www.ulstein.kommune.no

Innhold

1 Bakgrunn	3
2. Målsettingar	3
3. Avgrensingar	3
4. Prosjekteigar	3
5 Styringsgruppe	3
6 Arbeidsgruppe	4
7. Problemstilling	4
8. Metode	4
8.1 Datainnsamling	4
8.1.1 Sekundærdata – dokumentanalyse	5
8.1.2 Primærdata – synfaring og spørjeundersøkingar	5
9 Medverknad	5
10. Rapportering og kommunikasjon	5

1 Bakgrunn

Ulstein kommune står framfor store utfordringar i tida framover, særleg på grunn av endringar i demografien. Dette vil påverke korleis kommunen prioriterer ressursane sine, med eit aukande behov innan helse og omsorg, noko som vil leggje press på andre sektorar som oppvekst og kultur. For å kunne halde på det høge kvalitetsnivået i barnehagar og skular, er det avgjerande å vurdere korleis tilbodet kan organiserast på ein meir effektiv måte, utan at det går ut over kvaliteten.

Budsjettet og økonomiplanen til Ulstein kommune viser at det er nødvendig med økonomiske innsparingar for å sikre berekraftig drift. I denne samanheng er det naudsynt med ein gjennomgang av heile det kommunale tenestetilbodet. Kommunestyret gjorde i sak:150/24, møtedato 12.12.24, vedtak om:

8. Ulstein kommunestyre ber administrasjonen om å sette i gang prosessar for å redusere driftskostnader inn mot økonomiplan 2025 - 2028 med 18,84 mill kroner.

I dette ligg vurderingar som-

- *Greie ut endring av organisering oppvekst og kultur og framtidig ressursbruk, struktur og kapasitet på barnehage- og skuleområdet.*

2. Målsettingar

Prosjektet har som mål vurdere korleis oppvekstsektoren i Ulstein best kan organiserast for å oppnå høg kvalitet, god ressursutnytting, nok kompetanse, godt læringsmiljø og utvikling i tråd med kommunale mål samtidig som ein skal oppnå ei innsparing jf. økonomi- og budsjettplan.

3. Avgrensingar

Prosjektet er avgrensa til å sjå på organisering, struktur, ressursbruk og kapasitet i barnehage og skule.

4. Prosjekteigar

Prosjekteigar skal definere oppdraget gjennom målsettingar og følg opp at prosjektorganisasjonen arbeider og prioriterer arbeidet mot dette målet.

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand

5 Styringsgruppe

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for å sikre framdrift, innhald og positiv effekt av arbeidet med prosjektet sine målsettingar.

Styringsgruppa skal rettleie og gi synleg støtte til prosjektleiar. Bidra til samhandling på tvers i organisasjonen, og til å integrere prosjektet i dei aktuelle einingane i organisasjonen. Styringsgruppa skal sette av ressursar og prioritere arbeidet i samsvar med planar som blir vedtekne.

Styringsgruppa skal effektivt ta avgjersler og sikre god kommunikasjon innanfor gruppa, mot prosjektet og ut mot eksterne interessentar.

Styringsgruppa kallar inn prosjektleiar/arbeidsgruppe i leiargruppemøter ved behov, for statusoppdatering og ved eventuelle justeringar av mandat.

Styringsgruppa består av leiargruppa i kommunen:

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunedirektør	Ulstein kommune	Jarl Martin Møller
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand
Kommunalsjef organisasjon og utvikling	Ulstein kommune	Monica Cecilie Torp
Kommunalsjef Helse og omsorg	Ulstein kommune	Kristin Vik
Kommunalsjef Teknisk	Ulstein kommune	Arne Runar Vik
Personalleiar	Ulstein kommune	Kari Riise
Økonomileiar	Ulstein kommune	Steinar Nummedal

6 Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa har det operative ansvaret for å setje i verk og gjennomføre tiltak som bidreg til at prosjektet lykkast med å nå sine mål, innanfor prosjektet sitt mandat. Arbeidsgruppa skal evaluere og gjennomføre forbetringar undervegs.

Arbeidsgruppa vurderer behov for etablering av mindre prosjektgrupper for å svare ut/gjennomføre ulike arbeidsoppgåver.

Arbeidsgruppa består av:

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand
Skulefagleg rådgjevar	Ulstein kommune	Marianne Ulstein Johnston
Barnehagefagleg rådgjevar	Ulstein kommune	Ann-Christin Bonde Helliksen
Kommunikasjonsrådgjevar	Ulstein kommune	Janne–Marit Myklebust
Fagansvarleg kvalitet og beredskap	Ulstein kommune	Alf Marius Grønnevik
Hovudtillitsvald	Ulstein kommune	Anja Ertesvåg
Hovudverneombod	Ulstein kommune	Hege Nygjerde Sætre

7. Problemstilling

Korleis kan barnehage og skule best organiserast for å oppnå høg kvalitet, god ressursutnytting, nok kompetanse, godt læringsmiljø og utvikling i tråd med kommunale mål om å oppnå ei innsparing jf. økonomi- og budsjettplan?

8. Metode

Val av metode inkluderer både innhenting av kvantitative data gjennom t.d. offentleg tilgjengeleg statistikk, og kvalitative data, gjennom spørjeundersøkingar, høyring og dokumentanalyse.

8.1 Datainnsamling

Ein sentral del av prosjektet vil vere datainnsamling for å skape eit så objektivt kunnskapsgrunnlag som mogleg. Ved datainnsamling kan ein innhente både primær- og/eller sekundærdata.

8.1.1 Sekundærdata – dokumentanalyse

For å danne eit så objektivt kunnskapsgrunnlag som mogleg vil det vere viktig å ta utgangspunkt i både kvantitative data som t.d. offentleg tilgjengeleg statistikk (SSB, GSI og BASIL) og kvalitative data. Kva seier lov og forsking på ulike område: Kva seier t.d. opplæringslova og barnehagelova om kvalitet? Kva seier forskinga om gode barnehagar og skular, med tanke på t.d. trivsel, leik, læring og størrelse?

Arbeidsgruppa vil vurdere kva sekundærdata som skal hentast inn.

8.1.2 Primærdata – synfaring og spørjeundersøkingar

Primærdata er data som ein samlar inn spesielt for å svare på dei konkrete problemstillingane i oppdraget. I dette oppdraget er primærdata samla inn via synfaring av anlegga, og spørjeundersøking. Arbeidsgruppa vil vurdere kva primærdata som skal hentast inn.

8.1.2.1 Tilstandsvurdering av bygg

Det vart gjort eit omfattande kartleggingsarbeid mht. skulekapasitetane av Norconsult AS i 2016 i samband med utarbeiding av Ulstein kommune sin skulebehovsplan (2016-2030) (vedteke 28.04.2016 av Ulstein kommunestyre i sak PS 16/22). Mykje av informasjonen er like aktuell i dag, då det ved fleire av skulane ikkje har vore vesentlege endringar i hovudfunksjonar og areal. I tillegg vil det vere naturleg å hente ut data frå kommunen sitt FDV system FAMAC ved behov.

8.1.2.2 Spørjeundersøkingar

Ein vil gjennomføre spørjeundersøking retta mot føresette, elevar og tilsette.

Spørjeundersøking og plan for gjennomføring skal utarbeidast innan 17.02. jfr framdriftsplan.

9 Medverknad

Skulane og barnehagane er ein del av nærmiljøet, og alle som bur i området vil i større eller mindre grad kunne vere part. Born/elevar, føresette og tilsette vil vere dei som er tettast på skule og barnehage, men også andre innbyggjarar og organisasjonar kan ha interesse i saka, eller kan bli påverka av eventuelle framtidige endringar. I tillegg til spørjeundersøking retta mot elevar, tilsette og føresette, legg ein opp til at kunnskapsgrunnlaget og administrasjonen si tilråding blir lagt fram/presentert politisk i juni og at ein legg opp til offentleg høyring i juni – juli der alle får høve til å kome med innspel til kunnskapsgrunnlaget og eventuelle alternativ som blir lagt fram. Endeleg politisk handsaming i møta august/september 2025.

10. Rapportering og kommunikasjon

Ein legg opp til at arbeidsgruppa skal rapportere/orientere til; styringsgruppa, leiarmøte oppvekst, og levekårsutvalet.

I tillegg vil det vere naturleg å offentleggjere dokumentasjon og utvikling i arbeidet på kommunen sine nettsider for å sikre ein gjennomsiktig prosess.

Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsplan for prosjektet innan 31.01.